

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. ²⁸

Fylke: Oppland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: V. Slidre.

Emne: DRIKK TIL MATEN TIL KVARDAGS Bygdelag: Øyebygd i Røn.

Oppskr. av: G. Kirkevoll.

Gard: Kirkevoll.

(adresse): Jomfrubraatvn. 25,
Bekkelagshøgda.66 og 67 2 og 3
G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. For det meste.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Mjøl.

SVAR

1. Folk maatte spara meir i gamle dagar skulde dei greie seg. og nysilt mjøl vart ikkje so mykje brukt til vaksne. Det var om aa gjera aa faa til mest mogeleg smør. Om bruken av mjøl har auka er ikkje godt aa seia. Det vart freistande aa levere mest mogeleg paa ysteri og meieri etter dei kom. Stølslivet fekk eit grunnskot me det sama. Men det vart lett for pengar blant folk.

2. Naar det var varmt, og det var hardt arbeid skulde det til drikke. Tjukk mjøl var god for tyrsta. Men om somaren heime i bygd var det ikkje mjøl. Daa var det aa bruke brim-
3. blande. Surbrim oppblanda i vatn. No er det vel ingen som lagar surbrim og daa er det ikkje blande lenger heller.

øl.
4. Heimebryggja øl vart helst brukt berre til onnene til kvardagsdrikk. Det gjekk vel av bruk umlag 40 aar sidan. Paa visse gardar har det halde seg lenger. Men ikkje alle kunne laga til malt. Og so var det mykje arbeid med øl-brygging. -"Spesil" var det tynnaste ølet som kom til slutt naar ein bryggja. Til vanleg vart det sett for seg sjølv og var berre tystedrikke.

5. Kaffi. Den kom til bygd for 80-90 aar sidan. Mor fortalde ho kunne hukse fyrste kaffekjelen dei fekk. Truleg var det rekna for aa vera fint aa drikke kaffe so den vart

fort kvardagsdrykk, sjølv om det var uturvande.

7. Nokon drikk kaffe to gonger om dagen, andre fire gonger.

Det er opp og ned etter som folk har bra med mjølk eller ikkje.

8. Kaffien vart malen og hatt paa kjelen naar vatnet kokte.

Det vart mykje brukt aa blande opp kaffien med "knupp"

Det var oppskoren, brunsteikt brøddeig som ei mol paa kaffe-
kvern. Det kallast "bland". " Eg har kaffe, men ikkje bland-
hadde eg hatt det, skulde du faatt kaffi", var det ei kjering,
som sa. Dei fekk til hermor av all ting før. Son bland vart
brukt baade brent bygg og brende ertter og rug ogso. Det var
spaa kjeringar som spaadde i grudd. Eg høyrde nok desse reglane
for spaaing, men huksar ikkje stort av det.

9. Det fyrste kaffesukkeret eg huksar var tøppesukker som
maatte klyppast opp. Det var og kokt sukker (plator) av
farin. Det gjorde dei sjølv. Kandis var mindre brukt.

10. Fløyte og stundom mjølk vart hatt i kaffien. Ein og annan
brukte smør naar dei ikkje hadde fløyte. - Ein fremande mann
vilde kjøpe seg kaffe hjaa ei kjering. Ho sa ho hadde ikkje
fløyte. Mannen meinte han kunne faa den likevel. Kjeringa
svara: " Eg skit i kaffien naar eg ikkje har fløyte i den".
"Nei, daa vil eg ikkje ha den", svara mann.

Te.

11. Te var ikkje mykje brukt. Men eg kan hukse at eg maatte
finne inn bringeberblad som mor turka til te. - Hylde-te
meinte mor skulde vera so bra mot forkjølels og brystsjuke.

12. Brennevin var det ikkje til kvardags om det var i
onnetidi. Men naar det var dugnad var det brennevin og pons
om kvelden. I Vang var det noko dei kalla "Strunkeveko". Det
var veka før slaatten tok til. Daa gjekk dei (mennane) hjaa
kvarandre og mest berre drakk. Det er slutt med det no.

13. Nyare drykk.

Vørterøl, selters og brus er ikkje kvardagsdrykk endaa.